

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 897/2009

2015/EØS/18/33

av 25. september 2009

om endring av forordning (EF) nr. 1447/2006, (EF) nr. 186/2007, (EF) nr. 188/2007 og (EF) nr. 209/2008 med omsyn til vilkåra for godkjenning av *Saccharomyces cerevisiae* NCYC Sc 47 som tilsetjingsstoff i fôrvarer(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, særleg artikkel 13 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Tilsetjingsstoffet *Saccharomyces cerevisiae* NCYC Sc 47, med handelsnamnet Biosaf, heretter kalla «Biosaf», som tilhøyrrer gruppa avlstekniske tilsetjingsstoff, vart godkjent på visse vilkår i samsvar med forordning (EF) nr. 1831/2003 for ti år for oppføringslam ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1447/2006⁽²⁾, for hestar ved kommisjonsforordning (EF) nr. 186/2007⁽³⁾, for mjølkegeiter og mjølkesauer ved kommisjonsforordning (EF) nr. 188/2007⁽⁴⁾ og for oppføringssvin ved kommisjonsforordning (EF) nr. 209/2008⁽⁵⁾. Dette tilsetjingsstoffet vart meldt som eit eksisterande produkt i samsvar med artikkel 10 i forordning (EF) nr. 1831/2003. Ettersom alle opplysningane som krevst i medhald av den nemnde føresegna, var sende inn, vart tilsetjingsstoffet oppført i fellesskapsregisteret over tilsetjingsstoff i fôrvarer.
- 2) I medhald av forordning (EF) nr. 1831/2003 er det mogleg å endre godkjenninga av eit tilsetjingsstoff etter oppmoding frå innehavaren av godkjenninga og ei fråsegn frå Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik. LFA Lesaffre Feed Additives, som er innehavar av godkjenninga av Biosaf, har sendt inn ein søknad om at handelsnamnet til tilsetjingsstoffet vert endra frå «Biosaf» til «Actisaf».
- 3) Den framlagde endringa av vilkåra for godkjenning er av rein administrativ art, og krev inga ny vurdering av dei tilsetjingsstoffa som det gjeld. Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik har fått melding om søknaden.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnngjort i EUT L 256 av 29.9.2009, s. 8, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 22/2010 av 12. mars 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 30 av 10.6.2010, s. 15.

⁽¹⁾ TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

⁽²⁾ TEU L 271 av 30.9.2006, s. 28.

⁽³⁾ TEU L 63 av 1.3.2007, s. 6.

⁽⁴⁾ TEU L 57 av 24.2.2007, s. 3.

⁽⁵⁾ TEU L 63 av 7.3.2008, s. 3.

4) For at søkjaren skal kunne nytte retten sin til marknadsføring under handelsnamnet Actisaf, er det naudsynt å endre vilkåra for godkjenning.

5) Forordning (EF) nr. 1447/2006, (EF) nr. 186/2007, (EF) nr. 188/2007 og (EF) nr. 209/2008 bør difor endrast.

6) Det bør fastsetjast ein overgangssperiode for at eksisterande lager kan brukast opp.

7) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

1. I tredje kolonna i vedlegget til forordning (EF) nr. 1447/2006 vert handelsnamnet «Biosaf Sc 47» bytt ut med «Actisaf».

2. I tredje kolonna i vedlegget til forordning (EF) nr. 186/2007 vert handelsnamnet «Biosaf Sc 47» bytt ut med «Actisaf».

3. I tredje kolonna i vedlegget til forordning (EF) nr. 188/2007 vert handelsnamnet «Biosaf Sc 47» bytt ut med «Actisaf».

4. I tredje kolonna i vedlegget til forordning (EF) nr. 209/2008 vert handelsnamnet «Biosaf Sc 47» bytt ut med «Actisaf».

Artikkel 2

Eksisterande lager som er i samsvar med dei føresegnene som galdt før datoen då denne forordninga tok til å gjelde, kan framleis bringast i omsetning og nyttast inntil seks månader etter denne datoen.

Artikkel 3

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 25. september 2009.

For Kommisjonen
Androulla Vassiliou
Medlem av Kommisjonen
